


HYRDINGEN

NR. 6

Desember 2014

ÅRGANG 56

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Vinner i kommunen 1. - 4. klasse: Oliwa Cieslar, 4.
klasse Sandeid skule.



Biskopen har Ordet

Erling J. Pettersen, Stavanger biskop



Håpet kom!

I juli sat eg i Stavanger Rådhus under leiing av varaordfører Bjørg Tysdal Moe, saman med jødar frå Netanya og kristne palestinrarar og muslimar frå Nablus, dei to venskapsbyane til Stavanger. Det var midt i den spente konflikten, og vi skulle leite etter teikn på håp ut frå våre ulike trusutgangspunkt. Det var organisasjonen Chefs for Peace, Kokker for fred, muslimske, kristne og jødiske stjernekokkar, som hadde samla oss. Midt i dei vanskelege forhandlingane seier ein av leiarane for denne vesle fredsorganisasjonen til meg: *Husk at Jesus Kristus kom med håpet til vår jord! Det er derfor vi aldri må gi opp arbeidet for fred!*

Orda har sete i meg sidan, i eit år då terror og forferdeleg voldsutøving frå Syria, Irak og Ukraina har prega nyheitene. Og eg er ikkje aleine om å vere rørd av dei mange barneansikta på flukt frå terroren. Det er gonger då vonløyse over krigens vondskap vil ta overhand. Då må eg ta fram orda frå den armeniske kristne fredsaktivisten: *Husk at Jesus Kristus kom med håpet til vår jord.*


Og eg ser djupet i Bjørn Eidsvågs vakre julesalme i vår nye salmebok:

*I en natt så klar og kald,
av en ung og tapper mor,
i en krybbe i en stall
fødtes håpet til vår jord.*

Gud bringer håpet til oss i eit sårbart, lite menneskebarn, utlevert til Maria og Josef sin omsorg og kjærleik. Han kom ikkje med militær makt, men i det mest sårbare av alt: det nyfødde barnet. Derfor gjer eg orda til Bjørn Eidsvåg til mi helsing i denne adventstida, der vi skal få lov til åtru på det trassige håpet:

*I det stille, til de små
bringer Jesus håp og fred.
Og han kommer, da som nå,
fra sin himmel til oss ned.
Julenatt med lys og glede
minner oss om Gud som kom.
Evig er han her til stede.
Nå står grav og krybbe tom!*

Velsigna advent og juletid!



*Vinnar i kommunen 5. – 7. klasse:
Bjørnar Steinsland, Halsnes, 5. klasse Vågen skule*

HYRDINGEN:
Ansvarleg: Steinar Skartland
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold
Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:
Soknepresten i Ølen
Johannes Nedrelid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Faks 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22
Epost: johannes.nedrelid@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold
Jon Ådnøy, Skjold kyrkje, Pb. 6,
5574 Skjold. Fax: 52 76 73 89
Tlf. 53 65 57 94
Mobil: 932 45 645
jon.adnøy@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Marit Hegrenes
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal
Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,
Kyrkevegen, Pb. 40, 5583 Vikedal
Mobil 413 25 280
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tor 9-15
Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen
Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:
Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland Prosti:
Pb. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Norodd Stavenjord
Mobil: 97 76 57 18

Prostiprest Einar Andreassen:
Mobil: 971 08 788

Kyrkjeverja i Vindafjord:
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Herdis Pedersen
Sandeid: Rakel Årak
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjoa: Trond Ove Alvseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Ottar Krakk

Julehandel og kontrastar

Av Arne Borgemyr

Eg trur at me no i adventstida meir en noko anna tid på året får øye på dei store kontrastar når det gjeld korleis folk har det materielt i vårt land og ute i verda.

Julehandel – 53 milliardar

Prognosene for årets julehandel er på ufattelege 53 milliardar kroner, eller 10.350 kroner i gjennomsnitt på kvar einaste norske borgar, liten som stor. Av dette skal vel 22 milliardar gå til mat og drikke!

Hundre fattige i Vindafjord

Men dette skil seg sterkt frå det me kan lese i Grannar den 20. november der dagleg leiar i NAV, Laila Thorsen, seier: «Siste oversikt over fattige i Vindafjord viste 100, der 40 var forsøgjarar. Det betyr også at barn lever i fattige familiar». Tenk! Hundre fattige midt i vår velstand?

Naud i verda

Løfter me blikket utanfor vårt land, møter vi så mykje materiell naud, krig og liding at me ikkje klarer å ta det inn over oss. Tenk på alle båtflyktningane på Middelhavet. Flyktningane i Libanon.

Eldsjelar

Heldigvis er det mange enkeltmenneske og organisasjonar som gjer ein kjempeinnsats for å hjelpe. I vårt land er Frelsesarmeens viktig. I dette bladet kan de lese om Brita Langeland i Vikebygd som har vore «primus motor» for innsamling av brukte klede til Ukraina i 10 år. Når ho fortel om nauda i det krigsherja landet, legg ho til: «Det skjer meg i hjarta...». Slike eldsjeler gjer ein forskjell i kvardagen! Ho fortel at det vart samla inn 600-700 sekkar med brukte klede i Skjold, Vats og Vikebygd i fjor. I Vikebygd var det rekord med 220 sekkar.

Kristen nestekjærlek

Kristne menneske speglar Kristi kjærleik og omsorg. Om desse seier kongen (Matt. 25, frå v. 35): "For eg var svolten, og de gav meg mat; eg var tørst, og de gav meg drikke; eg var framand, og de tok imot meg; eg var naken, og de kledde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg." I v. 40: "Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg."

Juleteikningar 2014

Av: Arne Borgemyr

Alle barneskulane i Vindafjord kommune har deltatt i Hyrdingen sin teiknkonkurranse som redaksjonen inviterer til før jul. Nokre skular har levert teikningar frå eit par årstrinn mens elevar frå alle årstrinna frå 1 – 7 har deltatt på andre skular. I alt har me nok fått inn over 300 teikningar.

I invitasjonen vart det sagt at me ville kåre ein kommunevinnar for kvar av gruppene 1. – 4. trinn og 5. – 7. trinn. Dessutan ville me kåre nokre skulevinnrarar dersom deltakinga var stor nok og me fann gode teikningar.

Dette året var tema for konkurransen henta frå dei 4 versa i julesongen *Lang tid tilbake hendte det som i Bibelen blir fortalt..* Du finn heile songen på norsk og engelsk i boka Syng for Herren, nr. 142. Her følgjer 1. vers:

Lang tid tilbake hendte det som i Bibelen blir fortalt. En gutt ble født i Betlehem, og Jesus ble han kalt. Lytt til englers glade sang, hør kva de har å si! Frelse til hvert menneske kom han for å gi.

Tekst: Jester Hairston omkr. 1955

Omsett: Arnold Børud 1976

No har ein jury gått igjennom alle teikningane. Dei to kommunevinnrarane er:

Vinnar av 1. – 4. trinn:

Oliwia Cieslar som går i 4. klasse ved Sandeid skule. Vi gratulerer med ei flott teikning som har fått plass på framsida av dette bladet.

Vinnar av 5. – 7. trinn:

Bjørnar Steinsland Halsnes, 5. klasse ved Vågen skule. Teikninga til Bjørnar ser du på side 2.



Oliwia Cieslar er elev i 4. klasse på Sandeid skule



Bjørnar Steinsland Halsnes er elev i 5. klasse ved Vågen skule

Det er også kåra desse skulevinnrane (ved Skjold skule er det ikkje kåra vinnar då bare 2 årstrinn deltok):

Martha Andrea Granberg, 1. klasse ved Bjoa skule. Sondre Aarekol, 1. klasse ved Ølen skule. Alexander Vik, 1. klasse ved Vik skule. Emilia Aaserød, 3. klasse ved Vats skule. Jardar Grimås, 5. klasse ved Vikedal skule. Anja Staurland, 6. klasse ved Imsland skule.

Du finn vinnarteikningane i denne utgåva av Hyrdingen. Det vil og vanke ein liten premie til vinnarane. Redaksjonen gratulerer vinnarane og takkar alle for at dei deltok i konkurransen.

Frå formannskapet

Samanslåing av sokneråd

Vindafjord formannskap ga i møtet den 4. november si tilråding til å slå saman sokneråda i Vikebygd og Skjold, og likeeins Bjoa og Ølen. Dette er ei prøveordning for komande fireårs periode.

Vedtaka lydde: Vindafjord kommune har ikkje noko å merka til søknaden frå Ølen og Bjoa sokneråd om gjennomføring av forsøk med eit felles sokneråd i neste soknerådsperiode.

Vikebygd og Skjold sokneråd om gjennomføring av forsøk med eit felles sokneråd i neste soknerådsperiode.

Vindafjord kommune har ikkje noko å merka til søknaden frå Ølen og Bjoa sokneråd om gjennomføring av forsøk med eit felles sokneråd i neste soknerådsperiode.



Fest for trusopplæringa

Av: Kari Vik Stuhaug, leiar FUT

Det var mykje rørsle og engasjement både på scena og i salen då Vindafjord feira trusopplæringa 16. oktober. Trekkplasteret var barne- og tv-pastor Jarle Waldemar som både trylla, song, fortalte og dramatiserte bibeltekstar med hjelp frå salen. Men først var det salutt med sprekking av ballongar og trommevirvel for å markere at no er me for al-

vor i gang. ”Den raude tråden” fekk vist fram både tiltak og dei mange aldersstega frå 0 til 18 år som i åra framover skal få tilpassa tiltak for å bli kjent med Jesus, kyrkja og trua. Samtidig fekk me sjå kven dei nye trusopplærarane Berit Stople, Lillian Eikeland og Else Gurine Stople er.

Barn frå første til sjuande klasse i heile Vindafjord hadde fått invitasjon i posten, og over 100 av dei hadde funne vegen

saman med søskene, foreldre og besteforeldre. Etter showet med Jarle Waldemar serverte russen på Lundeneset pølser i brød til alle dei 240 frammøtte. Russen hadde også leiker for borna, medan Jarle Waldemar snakka til dei vaksne om korleis ein kan gjøre den kristne trua synleg i dagleglivet i heimen. Kjekk fest og feiring! Felles utval for trusopplæring (FUT) takkar Lundenesrussen og Gulelaget Daniel for flott samarbeid!



Ønsker du en ny glød i ditt bønneliv?



Nå er bønnestudieheftet ”Tenn en lidenskap for bønn” kommet i et nytt opplag. Dette praktiske og enkle heftet fra Moms in Prayer, er ypperlig å bruke i bibelgruppa, husfelleskapet eller andre grupper. Det kan også brukes som et personlig bønnestudium. Her får man lære og praktisere bønn gjennom tilbedelse, bekjennelse, takk og forbønn også kalt Firetrinnsbønn. Oppleget er lagt opp for 6 samlinger. Deltakerheftet koster kr 80 og lederheftet kr 100. Heftene kan bestilles hos: Mødre I Bønn, Vågadalsveien 8A, 4120 Tau.

Har du sett stjerna på Guds høge himmel

Ole Agnar Aadland

The musical notation consists of three staves of music in common time (indicated by '4'). The first staff starts with a treble clef and a key signature of one flat. The lyrics are: 'Har du sett stjer-na på Guds hø - ge him - mel, all - tid skin-an - de og klår?'. The second staff continues with the same clef and key signature: 'Ho vis - er veg-en fram til bar - net i stal - len, og den veg- en, den er vår.'. The third staff begins with a treble clef and a key signature of one flat: 'Heilt fram til Jes - us på Ma-ri - as fang, kom, la oss vand - ra, hyl-la han med sang!'. Measure numbers 5, 9, and 13 are placed above the staves.

Har du sett kongen i det vesle barn Jesus,
Frelsarkongen utan skrud?
Han kom forutan guddoms makt og ære,
sjølv om han var fødd av Gud.
Heilt fram til Jesus på Marias fang,
kom la oss vandra, hylla han med sang!

Har du sett herlegdomens Herre i krybba,
fattig, heimlaus, utan prakt?
Han kom med lyset, verda tok ikkje mot han.
Alt var slik som føresagt.
Heilt fram til Jesus på Marias fang,
kom, la oss vandra, hylla han med sang!

Har du sett underet der inne i stallen:
Lyset skin i mørke natt?
Gud let seg føda inn i menneskeætta
Aldri sigrar mørket att!
Kom, la oss tilbe Guds mysterium!
Kom, la oss syngja evangelium!

Så kan eit under skje i menneskebarnet:
Tru vert skapt i denne natt!
Gud let seg føda i eit lengtande hjarta
som har rom for nådens skatt!
Kom, la oss tilbe Guds mysterium!
Kom la oss syngja evangelium!

Om julesongen

Ole Agnar Aadland skreiv denne julesongen i adventstida i 2012. - Eg brukte ein del tid til å grunda over djupnene i juleevangeliet, fortel han. Dette at Gud i sin kjærleik stig ut or seg sjølv, at Jesus som sann Gud gir avkall på alt for å verta sant menneske som oss – og altså vår Frelsar – det er berre så ufatteleg!

Me kan berre takka og tilbe han som er Guds under! Eit viktig poeng i songen er at me skal få gå «heilt fram til Jesus på Marias fang». Gud kallar oss til å bryta opp, å gå «heilt fram» til Frelsaren – ikkje berre betrakta han frå avstand. Me skal få bøya oss og tilbe!



Ole Agnar Aadland
skreiv songen i
adventstida i 2012

Stor julemesse i Ølensvåg

Av: Arne Borgemyr

Like før Hyrdingen går til trykking arrangerte ei arbeidsgruppe for tredje året ei stor julemesse på skulen til inntekt for nytt bedehus i Ølensvåg. Messa er blitt veldig populær både i Ølensvåg og utover i andre bygder.

På julemessa kunne ein kjøpe eit variert knippe av varer, mellom anna fleire sortar julekaker, strikkevarer, puter og forkle, juledekorasjonar og ulike trearbeid. Mennene laga gyngehestar og leikeferger i tre. Dei 10 fergene forsvann på få minutt. Oppslutnaden i år var stor, det var «smikk fullt» i gymsalen. Dei fleste varene forsvann, og folk koste seg

med graut, kaffi og kaker. Det var også ein møtedel der eit barnekor frå Skjold song engasjert og flott! Håvard Østhus frå Fogn heldt andakt – om forelsking, og Guds kjærleik i Jesus Kristus.

I tida før julemessa var det selt lodd på senteret i Ølen og på Kiwi. Mange av gevinstane var gåver frå bedrifter. Trekninga fann stad under messa. Den største gevisten var ei stor og fin leikehytte som er bygt på dugnad med sponsing frå Berge Sag. Han som vann hytta, bur i Ølensvåg, er vel 2 år gammal og heiter Sondre Steinsland. Foreldra er Cathrine Berge og Tomas Steinsland. Tomas seier at dei er veldig glad for gevisten som skal få ein sentral plass i tunet hos dei.



Leikehytta vart vunne av Sondre som er vel 2 år og bur i Ølensvåg

Ei av leiarane for julemessa, Ragnhild Thorsen, opplyser at endeleg resultatet er usikkert ennå, men det kan se ut til at dei når heile 260.000 kroner. Ho vil gjerne takke alle som har laga og gitt varer, gjort dugnad på førehånd og under messa og alle som har sponsa arbeidet slik at det har vore mogleg å nå eit så godt resultat.

Reidun Fjeldheim - Aktiv pensjonist

Av. Jens Tveit

I eit romsleg hus med god utsikt over Liaheia finn me Reidun. Det er om lag ½ år sidan mannen Gjert døydde, og det er sakneleg, seier ho. —«Om han var gamal, så var han der, og han hadde alltid noko å snaka om. Spesielt hadde han mykje å spørja om når eg hadde vore ute eit eller anna ærend. Nå er det ingen...». Heldigvis har ho born, svigerborn og barneborn i nabolaget.

Julemesse

Me set og drøser medan me nyter ein kopp kaffi med heimebakt attåt. - Men det er ikkje lenge før Reidun finn fram spøttet. Kvar ledig stund må nyttast, og nå er det flotte, fargerike sokkar som skal vera ferdige til julemesset i Isvik om 1 ½ veke. «Julemesse har vore planlagt lenge,» seier ho. «Det er Kjellaug Eike som er leiar, og eg er nestleiar. Tilsaman er me om lag 25 stk. som er involverte. På sjølve messedagen er me delte på sal av bakevarer som tørre lefser, nordlandskaker, småkaker - og så strikkevarer og Hardangersaum m.m. Nokre er opptekne med loddsal, og på kjøkenet kokar me graut for sal. I år er me og så heldige at me får hjelp av 4 konfirmantar som har valt deltaking på messa som del av konfirmasjonsførebuinga.»

Reidun fortel vidare: «Til julemesset har me vore og selt lodd i lang tid no. Me har m.a. sete på OBS, Aksdalsenteret, Ølen, Ølensvåg og Knapphus. Eg har og vore med loddbökene rundt i bygda. - I fjor sende me 140.000 kr frå julemesset til Det Norske Misjonsselskapet!»

Ersland bedehus

Reidun har mange «jern i elden», og fortel: «På bedehuset vårt har me misjonskafé i mars. Nå i vår fekk me inn 18.000 kr på ein laurdag til Misjonsselskapet. Då selde me graut og påsmurde lefser. 4 personar stod og baka potetkaker og me hadde med 4-5 hjelpar til steiking, - og det gjekk med 50 kg poteter. - Alt blei selt!» Reidun er og aktiv i foreining for Den Indre sjømannsmisjonen. Dei har basar på bedehuset på Ersland. - Reidun brenn for foreningsarbeid og peikar på kor viktig det er å få med dei som lett blir sitjande åleine heime



Og som om dette ikkje er nok, så er Reidun med i styret for bedehuset. Det er viktig å halda huset i god stand (Nytt kjøken er komen for ikkje lenge sidan), og så er det er økonomien til bedehuset, arrangement og andre oppgåver å syta for.

Stemnestaden og gjenbruk

Stemnestaden i Grinde har rett som der er bruk for ei hjelpende hand, og då ringer dei til Reidun. Ofte er ho då på kjøkenet og lagar mat til minnemøte etter gravferder, eller andre samkomer.

N.M.S. gjenbruk i Haugesund treng og folk, og ein dag kvar mnd. står Reidun på lista over dei som sel brukte, men gode ting til inntekt for Det Norske Misjonsselskap.

«Ikkje syten»

må vel vere ein av dei tinga som kan seiast om Reidun. Ho likar å komma i kontakt med folk, og ho seier at ho møter så mange kjekke personar. Ho røper og at ho er spesielt glad i eldre folk. «Mange av dei er så koselege å prata med!» seier ho. På spørsmål om Reidun aldri blir trøytt, så vedgår ho at det hender nok. Av og til kan og ryggen verkja. - Så legg ho til: «Eg passar på å få nok kvile, og då går det greitt». - «Når eg tenkjer på mor

mi og dei i den generasjonen, så sleit dei mykje meir enn me gjer!»

Reidun er fødd på Sunnfjord

Etter skulen fekk ho med seg 2år på folkehøgskular, og deretter industriskulen på Stord.

I 1962 vart ho gift med Gjert Fjellheim, og på rad og rekkje kom så 3 born år etter år, og etter nokre år, to til – altså 5 born. - Når Gjert for på arbeid, og Reidun skulle stia både kyr, griser og sauvar, var det godt å ha ei eldre nabokone, Lina Skjold, som såg etter ungane. - «Det var ei svært travel tid», seier ho.

Stor familie

Med ein stor smil om munnen fortel Reidun at ho har 16 barneborn. Eit av borna bur på Årdal i Ryfylke. Dei andre i familienn bur ikkje langt unna, og Reidun seier vidare; «2.juledag skal heile familien på 30 personar samlast på Fjellheim. Det ser eg fram til!»

Hyrdingen uner den aktive bestemora og familien ei velsigna god julehøgtid! Og for dei som undrast på kva løn Reidun har for alt strevet til glede for så mange andre, får me nyitta eit uttrykk frå henne sjølv: «Lønna kjem som velsigning!»



Skulevinnar: Anja Staurland, 6. klasse Imsland skule



Prost Norodd Stavenjord går av med AFP

Kjære medarbeidere!

Etter grundig overveielse over noe tid har jeg tatt beslutningen om å gå av med AFP fra 1. mai neste år. Dette kommer kanskje overraskende på mange. Det får våge seg. Jeg har hatt lærerike og interessante år i prostestillingen med dere og mange andre gode medarbeidere rundt i Haugaland prosti. Mange spennende prosesser er i gang både lokalt og i kirken som helhet. Vi har lenge jobbet med ulike reformer og omstillinger i kirken. Dette krever mye av både ansatte og tilslitsvalgte. Jeg har forsøkt å bidra på min måte i den tiden jeg har tjenestegjort her. Og jeg skal gjøre mitt beste de 6 månedene som er igjen. Så vil kirkens oppdrag føres videre av dere og nye medarbeidere som kommer til etter hvert. Det er en stor tjeneste vi står i med kall fra Gud og kirken. Jeg vil fortsette å be om at det store oppdraget vi har fått må lykkes. Hvis helsa tillater det, og prostiet trenger det, så vil jeg stille meg til tjene neste som vikar når jeg får smakt litt på pensjonisttilværelsen. Men det er nå et stykke fram til jeg går av, så vi treffes nok mer eller mindre regelmessig ennå fram til det.



Skulevinnar: Sondre Aarekol, 1. klasse Ølen skule.

Vennlig hilsen, Norodd Stavenjord

Feedback har feira 25-årsjubileum

Av Iselin Eidhammar

I år feirar Feedback Kor & Aktiviteter 25 år, og laurdag 15. november var det difor duka for jubileumsfest på Ølen Kulturhus. Nesten 120 noverande og tidlegare Feedbackkarar var samla for ei heilaftan i godt lag!

Festen starta med at komiteen gjekk gjennom historia til ungdomsklubben gjennom 25 år- frå å vera eit ungdomskor som flytta seg frå bygd til bygd, frå lokale til lokale, frå veke til veke i mangel på ein stad å vera, til i dag å vera ein ungdomsklubb som står på eigne bein økonomisk med nedbetalt lån på eigne lokale.

Trygve Sandvik hadde appell

Kveldens desidert eldste var Trygve Sandvik, som var invitert til festen for å halda appell. Sandvik har vore involvert i Feedback i mange år som andaktshaldar, og me sette stor pris på at han takka ja til å komma. Sjeldan er det så stilt blant små og store som når Trygve fortel!



Eit samansett jubileumskor hadde øvd inn 5 songar. Blir dei med på julekonserten i Skjold kyrkje den 21. desember?

Fest og kake høyrer saman

Ein får ikkje skikkelig festkveld utan god mat, kake og kaffi, og dette var sjølv sagt på programmet i tillegg til underhaldningsinnslag av ulikt slag, biletet frå 25 år med ungdomsklubb, soloinnslag frå ulike «feedbackgenerasjonar» og opptræden av eit jubileumskor. Koret på rundt 30 feedbackkarar i alderen 17-40 år hadde

øvd inn 5 songar frå nye og eldre feedbacktider. Det blei til og med ymta fram på om ikkje jubileumskoret skulle prøve seg på nokre julesongar til julekonserten i Skjold Kyrkje 21. desember. Tida vil vise om det er noko me kan få til!

Me gler oss allereie til neste jubileumsfest- takk til alle oppmøtte for ein fantastisk flott kveld!



Gullkonfirmantfeiringa i Vats kyrkje

1. rekke fra venstre: Bernice Nesheim Innvær, Ingebjørg Landa Lunde, Tor Sørhus, Inger Bodil Indreland Aasland, Anne Marie Bakkevold Kvamen, Torhild Alvseike Døske. **2. rekke:** Torgils Ohm, Torbjørn Milje, Jon Alvseike, Bjarne Bergesen, Gunvar Grindheim, Målfrid Olette Krakk Erevik og prest Jon Aadnøy. **Dei som ikkje var til stades, som også vart konfirmert i Vats 1964:** Tor Mikal Haga, Bjørn Eidhammar, Elisabeth Kanutta Gram Dagsland Tysvær, Kjellaug Sandvik Bratland, Ingrid Blikra Hetle (død), Berge Egil Nising (død) og Magne Olav Frøland (død).



Vellukka fellesmøter i Ølen kyrkje

Av: Arne Borgemyr

Som kjent var det i perioden 28. oktober til 9. november evangeliske møte i Ølen kyrkje mest kvar kveld. Fleire grupper frå distrikta deltok med mykje fin song og musikk. Dei med lengst veg kom frå Kvitsøy og Bømlo! Talarar var Magne Birkedal og Per Tveten. Dei fekk god kontakt med forsamlinga, og la inn over oss alle kor viktig det er å ha sitt forhold til Jesus Kristus i orden. For mange vart forkynninga ransakande og fornyande. Men møta hadde eit uformelt preg der ein og kunne le av ei god historie.

God oppslutnad

Aksjonen vart ei fellessatsing, og i gjenomsnitt var om lag hundre menneske samla frå dei ulike bygdene. Nokre kom på kvart møte! Ein kunne også møte personar i kyrkja som elles ikkje er ofte å sjå i kyrkje og bedehus.

Leiar for komiteen, Arne Voll, seier etter aksjonen at han er takksam for desse møta. - Talarane våre opplevde det godt å vere saman med oss her i bygda, og dei fekk vere til åndeleg hjelp for fleire sjølv om me ikkje har kjennskap til at nye vart kristne. Arne er elles takksam for alle som har gitt sitt bidrag for å få

til desse fellesmøta. Det gjeld komiteen, møteleiarar, songarar, teknikarar for lyd og bilete, dei som har sytt for servering og mange andre.

«Serviettmat»

Etter møta var det kvar kveld eit tilbod om kaffi, saft og ulike sortar kake. Dette gav høve til mang ein triveleg prat, og mange tok seg god tid. Medlemmar av kvinneforeiningar og andre i bygdene som var engasjerte til å bake og stå for serveringa, og med så mange gjester nesten kvar kveld i 14 dagar, skulle det mykje bakverk til.



Det var rom for ein god lått i kaffikroken. Ola Alne og Sverre Vågen



Marta Tjelle og Edvard Fatland frå Etne deltok ein kveld med fin duettsong.

Haustfest og familiegudsteneste i Vikebygd

Av Steinar Skartland

Det var mest fullt i benkene i Vikebygd kyrkje, 9. november. Her var heile ska-laen frå ein på nokre veker og oppover til godt over pensjonsalderen. Eit lite barn vart bore til dåpen medan familien stod rundt døypefonten saman med presten.

Fireåringane som var inviterte til å koma og få barne-bibelen, hadde alt vore der dagen før. Den nye trusopplæringsmedarbeidaren, Else Gurine Stople, hadde med seg ei skattekiste. Spente fekk fireåringane vera med på å opna henne. Her var salve, plaster og noko til å reinsa sår med.

Sokneprest Jon Ådnøy levde seg inn i den bibelske teksten om mannen som vart overfallen og rana. Presten og kyrkjeteraren som gjekk forbi, medan den utanlandske og framande (den miskunnsame samaritanen) stoppa og tok seg av mannen. Eit førebilde om å visa omsorg for dei som er i naud. Litt glad humring kunne ein høyra i kyrkjenkene. Presten nådde fram med



Borna er spente på kva Else Gurine Stople og Jon Ådnøy har i skattekista.

forteljinga. Songane var glade barnesongar med kristent innhald. Lett å syngja med til flott pianomusikk.

Kyrkjelyden vart invitert til å stoppa igjen etter gudstenesta, til kaker, saft og

kyrkjekaffi. Ute styrte regna det, så det var godt å få vera litt til i kyrkja. Å prata med naboar og kjende før dei skulle heim. Eller til å snakkast litt om presten si levande framstilling av teksten for dagen.



Skulevinnar: Martha Andrea Granberg, 1. klasse Bjoa skule.

Ukraina – innsamling

Av: Jens Tveit

Bil etter bil svingar innom bedehuset i Vikebygd. Det er innsamling til Ukraina, og Brita Laugaland er «primus motor». Ho har stått for dette i om lag 10 år.

«Korleis kom du til å vera med i dette arbeidet?» «Jo», svarar Brita, «eg høyrd eit intervju i radioen, og tok kontakt med Halvard Hasseløy som viste til innsamlingar i Skjold og Vats, - og så var me i gong».

Kva blir gitt?

«Kvart år har me samla inn om lag 200 sekker med kler i Vikebygd, og i fjor var det rekord med 220. Kva me endar på i år veit eg ikkje. Til saman har det blitt 6 – 700 sekker årleg frå Skjold, Vats og Vikebygd», seier Brita.

Det som vert samla inn, er brukte, reine kler som ikkje treng reparasjon. Vidare er det sko, vesker, skuleranslar og leiker (helst mjuke). Madrassar kan me ikkje ta imot. I tillegg til brukte ting, er



til mange av dei som frys i Ukraina»

Hasseløy kjem med 2 store trailerar, og det er Ukrainske sjåførar og hjelparar som er med. Betaling for transporten vert dekka med at for kvar sekk som vert gitt, gir dei og 50 kr.

Mange har det vondt

Brita fortel om denne nauda, og legg til: «Det skjer meg i hjarta – ja, så sterkt at eg aldri kunne tenkja meg og reist bort for å sjå korleis dei lever!» Mange som har sett desse filmane, skjønar denne smarta.

Brita blir spurt korleis ho opplever å vera med på denne tenesta. Ho fortel om misjonsinteresse som er drivkrafta, og legg til: «Me gleder oss kvart år til å få vera med. Det er kjekt å få møta så mange som er rause med å gi!»

Og når kler, sko, leiker og anna er levert, inviterer Brita og hjelparane hennar til ein kopp kaffi og hyggeleg drøs kring kjøkenbordet på bedehuset.

Takk til Brita for ho ofrar tid og krefter for saka!



Skulevinnar: Emilia Aaserød, 3. klasse Vats skule



Skulevinnar: Alexander Vik, 1. klasse Vik skule.

Dugnadsfest på Kyrkjetunet

Av: Arne Borgemyr

Kyrkjetunet i Ølen er avhengig av mykje dugnadshjelp for å klare drifta av huset. Ei viktig inntektskjelde er utleige til kurs m.m. der frivillige står for all kjøkenteneste. Eit anna krafttak er Kyrkjetundagane med loppemarknad, auksjon og ulike sal. Nyleg vart alle som gjer dugnad, inviterte til fest med smørbrød og kake som ein takk for innsatsen. Leon Dyngeland heldt ein tale der han framheva gode hjelparar som *funklande stjerner på nattehimmelen*.

Åse Heggen er leiar for kjøkentenesta, og ho takka dei som står på og alltid er villige til å vere med. Ho delte også ut blomar til dei som av ulike grunnar sluttar i denne tenesta.

Lars Dalen er leiar for Kyrkjetunet. Han viste biletet frå ein tur han nyleg hadde til Afrika. Der fekk han mellom



Åse Heggen gav blomar til dei som sluttar i kjøkentenesta, mellom dei er Ellen Ivesdal som no skal vere i Gjenbruksbutikken. I midten står Jenny Helland.

anna sjå arbeidet ved barneheimen som Kyrkjetunet er med å støtte økonomiske.
– Mange av desse barna har hatt ei gro-

tesk historie bak seg. Då var det ekstra stort å få sjå at dei no har fått det godt på denne heimen.



Skulevinnar: Jardar Grimås, 5. klasse Vikedal skule

Hyrdingen ønskjer alle leesarar ei god og velsignat julehøgtid!

ANNONSER OG KUNNGJERINGER

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

 Vi er en del av   Vi er en del av  

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Knaphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank SR-BANK

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

BLOMAR TIL GRAFVERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](#)



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:
93 21 66 79 / 52 75 88 60



FRÅ KYRKJEBOKA

VIKEDAL

Døpte:

26.10. Maren Haraldseid

Døde:

19.10. Olav Magnus Høiland f. 1927

SANDEID

Døypte:

19.10. Oline Helgevold

Døde:

07.10. Ester Solveig Lærdal f. 1929

SKJOLD

Døde:

03.10. Paul Haugen f. 1933

26.10. Nils Frøyland f. 1921

30.10. Randi Ormseth Knutsen f. 1918

VATS

Døpte:

26.10. Adrian Lærdal

26.10. Thilia Räts

VIKEBYGD

Døypte:

12.10. Eliljan Andreas Lingås Siglen Rand

09.11. Sander Pettersen Rothmann-Christensen

Døde:

14.10. Egil Aadland f. 1920

14.10. Ståle Birkeland Vike f. 1979

28.10. Inger Karin (Inna) Liberg f. 1935

ØLEN

Døypte:

16.11. Theo Moe Brendsdal

16.11. Una Espeland Grønstad

16.11. Kim Andre Gundersen Heggen

16.11. Harald Hundhammer

16.11. Martine Nilsen

Døde:

06.10. Liv Karina Kornberg f. 1929

18.10. Kathe Helen G. Eitheim f. 1952

20.10. Signe Lovise Vågen f. 1938

27.10. Margit Strand f. 1917

BJOA

Døde:

12.10. Solveig Alvhild Bjørge f. 1921

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
7. desember 2. s. i advent 1. Kor 15,50-57 eller Luk 1,76-79	Vikedal kyrkje kl. 17.00 Lysmesse. Konf. tek del Utd.av Konf.bibel til 5. kl. Takkoffer: Kyrkjelydspedagogstillinga	Vikebygd kyrkje kl. 19.00 Lysmesse Konfirmantar/speidalar Takkoffer: Noges KFUK/M-speidalar	Bjoa kyrkje kl. 16..00 Familegudstenste. Biblar 5. klasse. Takkoffer: Trusopplæring Vindafjord.
14. desember 13. s. i advent Luk 3,7-18	Imsland kyrkje kl. 17.00 Lysmesse ved vikarprest Eldbjørg Andreassen. Konf. tek del. Takkoffer: Kristne i Midt-Austen. Utdeling av Konf. bibel til 5. klasse	S Skjold kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste Speidarar deltek Takkoffer: Speidararb. i Skjold Vats kyrkje kl. 19.00 Lysmesse/Int.julesong Konfirmantane deltek	Ølen kyrkje kl. 19.00 Vi syng jula inn. Skriftlesing/salmar. Musikk/songinnslag ved konfirmantar. Takkoffer til Frelesearmeene.
21. desember 4. s. i advent Luk 1,39-45	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Dåp. Nattv. Takkoffer: Diakoniarbeidet		
24. desember Julekvelden Luk 2.1-20	Sandeid kyrkje kl. 14.30 Fam. gudsteneste Takkoffer: Kirkens Nødhjelp Vikedal kyrkje kl. 16.00 Fam. gudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid Imsland kyrkje kl. 16.00 Fam. gudsteneste Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Skjold kyrkje kl. 14.30 Korpset Takkoffer: Stefanusborna /misj. prosj. Vats kyrkje kl. 16.00 Korpset Takkoffer: Misjonsprosj. Vikebygd kyrkje kl. 16.00 Takkoffer: Kyrkjel.arb.	Bjoa kyrkje kl. 14.30 Takkoffer: Kyrkjel.arb Ølen kyrkje kl. 14.30 Takkoffer: Kykjrl.arb Ølen kyrkje kl. 16.00 Takkoffer: Kirkens Bymisjon, Haugesund
25. desember Juledag Joh 1,1-14	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd Takkoffer: Frelsesarmeen	Vats kyrkje kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd Takkoffer: Israelsmisjonen	Ølen kyrkje kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste Takkoffer: Stefanusalliansen
26. desember 2. juliedag Matt 10,16-22		Skjold kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste Takkoffer: Feedback	
28. desember Romjulssundag Luk 2,36-38			Ølen kyrkje kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Kyrkjel.arb
31. desember Nyttårvelden Joh 14,27	Vikedal kyrkje kl. 16.00 Nyårveldsgudsteneste Takkoffer: Ungdom i Oppdrag	Vats kyrkje kl. 23.00 Midnattsgudsteneste Nattverd Takkoffer: Feedback	
1. januar Nyårsdag/ Jesu namnedag Matt 1,20b-21	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Høgmesse Nattverd. Takkoffer: Krk.arb.		
4. januar Kristi openberrings-dag Luk 2,40-52	Vikedal kyrkje kl. 16.00 Høgmesse. Nattv. Takkoffer: Diakoniarb.	Vikebygd kyrkje kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Vats kyrkje kl. 17.00 Nattverd Takkoffer.	Bjoa kyrkje kl. 11.00 Misjonssøndag. Nattverd. Takkoffer: NMS
11. januar 2. s. i openberrings-tida Mark 1,3-11	Imsland kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Nattv. Takkoffer: Kyrkjelydsarb.	Skjold kyrkje kl. 11.00 Fam.gudsteneste Bibel til 5-klasse Takkoffer:	Ølen kyrke kl. 19.00 Kveldsgudstenste. Nattverd. Takkoffer:
18. januar 3. s. openb.tida Joh 4.4-26	Sandeid kyrkje kl. 19.00 Temagudsteneste Takkoffer: Trusopplæringa	Vats kyrkje kl. 11.00 Fam. gudsteneste Bibel til 5-klasse Takkoffer:	Ølen kyrkje kl. 11.00 Nattverd Takkoffer:
25. januar 4. s. i openb.tida Joh 9,1-7, 35b-38	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Familiemesse.Nattv. Takkoffer: Trusopplæringa	Skjold kyrkje kl. 17.00 G-17 gudsteneste Takkoffer:	Ølen kyrkje kl. 11.00 Avslutning bibelhelg NMS. Nattverd Takkoffer: NMS
1. februar Såmannssundagen Mark 4,26-34	Imsland kyrkje kl. 11.00 Familiemesse. Nattv. Takkoffer: Konfirmantarb.	Vikebygd kyrkje kl. 11.00 Fam.gudsteneste Bibel til 5-klasse Takkoffer: Vats kyrkje kl. 17.00 Nattverd Takkoffer:	Bjoa kyrkje kl. 17.00 Nattverd Takkoffer:
8. februar Kristi forklæringsdag Mark 9,2-13	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Familiemesse. Nattv. Takkoffer: Bibelskapet	Skjold kyrkje kl. 11.00 Nattverd Takkoffer:	
15. februar Fastelavnssundag Joh 12,20-33	Vikedal kyrkje kl. 16.00 Familiemesse. Nattv Takkoffer: Kirkens Bymisjon, Haugesund.	Vats kyrkje kl. 11.00 Takkoffer:	Ølen kyrkje kl. 11.00 Nattverd. Takkoffer:

"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)

MØTER OG KUNNGJERINGER

Bedehusa i Skjold

- 7.12 Sundag Ersland Søndagsskulefrukost kl.10:00
8.12 Mandag Ersland Yngres kl. 19:00
11.12 Torsdag Kyrkja Barnekor kl. 17:00
27.12 Laurdag Ersland Juletrefest kl. 18:00
27.12 Laurdag Austrheim Juletrefest kl. 18:00

Øvre Vats bedehus

- 10.01 Laurdag kl. 18:00 Nyttårsfest
12.02 Måndag kl. 19:30 Årsmøte for bedehuset
Vats/bønn for nytt soknehus
Det blir bønnesamlingar for Guds leiing for nytt bedehus/soknehus heime hos Silje og Håkon Børre Koltveit kl. 20:00 på følgjande datoar: 20.01, 17.02, 17.03, 21.04, 19.05. Har du spørsmål: Ta kontakt med Silje, tlf. 97 11 63 50.

Kårhus bedehus

- 06.12 Laurdag kl. 12:00 Adventsamling/-juleverkstad.
Andakt v/søndagsskulekonsulent Elisabeth Fauskanger.
10.12 Onsdag kl. 19:30 Møte. Indre sjø
27.01 Tysdag kl. 19:30 Årsmøte for Vats bedehus/soknehusforeining. Andakt, årsmøtesaker, servering. Ev. saker må vere meldt til styret før nyttår. Velkommen.
23.02 Måndag kl. 19:30 Årsmøte for bedehuset

Kyrkjetur – Ølen

- 07.12 Sundag kl. 10:00 Show-it med advents-frukost
11.12 Torsdag kl. 19:30 Songkveld med Ole Agnar Aadland
04.01 Sundag Nyttårsfest med Roar Flacke
30.1. – 1.2. 2015 Kyrkjelydsweekend på Brandøy

Innbjoa bedehus

- 05.12 Fredag Credo kl. 17:30
09.12 Tysdag Mini Credo kl. 17:30
10.12 Onsdag Bønnemøte kl. 18:15
19.12 Fredag Formiddagstreff kl. 10:30

Vikebygd bedehus

- Torsd. 11.12 kl. 19:00. Adventsmøte v. Georg Kallevåg, «Indre sjø». Kaffikos.
Sønd. 28.12 Juletrefest m. Laurdagsskulben.
Torsd. 15.01 19:30. Møte
Torsd. 29.01 19:30. Møte Indremisjonen. Olav Eikemo.
Torsd. 12.02 19:30. Møte
Torsd. 26.02 19:30. Møte. Gideon

Ølen kyrkje

14.12 kl. 19:00 Vi syng jula inn. Vi syng advents- og julesalmar, har skriftlesingar om advent og jul. Opplegg henta frå den engelske kyrkja (den anglikanske). Konfrimantar og andre har song- og musikkinnslag. Denne kvelden vil vi vere med å skape lys og glede for andre gjennom takkoffer til Frelsesar meen sitt arbeid.

Vågen bedehus

- 07.12 Sundag Adventsmøte kl. 19:30
09.12 Tysdag Yngres
10.12 Onsdag Bønnemøte kl. 19:30
14.12 Sundag Sundagsskule kl. 11:00
16.12 Tysdag Gutelaget kl. 17:30
Jentelaget kl. 17:30
17.12 Onsdag Bønnemøte kl. 19:30
21.12 Sundag Høgtidsmøte kl. 11:00
28.12 Sundag Juletrefest kl. 17:00
30.12 Tysdag Gutelaget kl. 17:30
Jentelaget kl. 17:30
04.01 Sundag Kyrkjetur. Felles Nyttårsfest
07.01 Onsdag Bønnemøte kl. 19:30
11.01 Sundag Søndagsmøte kl. 11:00
14.01 Onsdag Bønnemøte kl. 19:30
18.01 Sundag Årsmøte bedehuset kl. 18:00. Torleiv Åreskjold
Bedehusbasar kl. 19:30
21.01 Onsdag Søndagskaffi kl. 16:00
25.01 Sundag Bønnemøte kl. 19:30
28.01 Onsdag Israelsmøte kl. 19:30
30.01 Fredag Israelmøte kl. 11:00. Generasjonssamling kl. 18:00.
04.02 Onsdag Bønnemøte kl. 19:30
08.02 Søndag Nattverdmøte kl. 11:00
11.02 Onsdag Bibeltur v/Olav Eikemo kl. 19:30

Sandeid kyrkje

09.12 kl. 18:00 Vi syng jula inn.



Jostein N. Sandsmark har skrive ei sterkt bok om korleis det var å miste dotter si, Sara, i ei bilulukke.

Abonnentar av Hyrdingen utanfor kommunen

Vel hundre abonnentar utanfor kommunen mottar Hyrdingen. Desse har i si tid bestilt bladet, og får det sendt i posten med eige namn og adresse på. Porto for slike sendingar er ganske kostbart, og det er derfor bestemt at Hyrdingen i framtida bare vil bli sendt til dei som betaler ein årleg kontingen. Over nyttår vil de få ein giro og eit brev om dette. Me ønskjer å sikre at registeret vårt er ajour og ber om at de sender oss adresseendringar og ev. oppsingiar til **Hyrdingen, Skjold kyrkje, Postboks 6, 5574 Skjold, eller Epost: redaksjonen@hyrdingen.no**. Alle husstandar i Vindafjord vil som før få Hyrdingen gratis. Men redaksjonen er takksam for alle som nyttar giroen som kjem på nyåret til ei gave for å dekke kostnadene.

Andaktstelefonen
380 91 700

Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten
er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat:
www.soschat.no

Kirkens SOS
815 33 300

SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nr av Hyrdingen kjem ut 12. februar.
Frist for innlevering av stoff er 17. januar.

Betlehem

Der Jesus vart fødd



Frå kyrkja på Betlehemsmarka der det var store bibelmotiv, her gjeterane som får englebesøk

Av: Arne Borgemyr

I juleevangeliet les me om Josef og Maria som dro fra Nasaret til Betlehem. Så står det om Maria som var med barn: «Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei» (Luk. 2,4-7).

Jesu fødeby

Bibelen får fram det historiske faktum at Jesus vart fødd i Betlehem. I Luk. 2 står orda «..og det hende..». Gjennom 2000 år har dette prega dei kristne kyrkjene i heile verda.

Byen Betlehem er nemnt 41 gonger i Det gamle Testamentet. Han er kalla Davidsbyen. Det var her David, kongen av Juda, hadde sine barneår. Men Bibelen varslar (profeten Mika, kap. 5,1) at ein større konge, fredsfyresten, skal kome frå denne byen: *Du, Betlehem, Efrata, minst mellom sletene i Juda! Frå deg lét eg ein herskar over Israel koma. Hans opphav er frå gammal tid, frå eldgamle dagar.* Og så hende det for 2000 år sidan: Jesus vart fødd i Betlehem!

Betlehem i dag – ein turistby

Betlehem ligg om lag 10 km sør for Jerusalem på Vestbredda som er palestinsk

område. Det er sagt at byen har 85 prosent av inntektene sine frå turistar. Underteikna var ein av dei som fekk høve til å besøke byen i haust. Som lesarane av Hyrdingen kjenner til, hadde soknepresten vår tatt initiativ til ein kyrkjelydstur til Israel. Men då det vart for få påmelde, fekk me som ønskte å reise, høve til å bli med Ræge kyrkjelyd i Sola. Frå kyrkjelyden vår var Bjørg og Magne Østvold og Bjørg og Arne Borgemyr med. Tidlegare krinssekretær for Israelsmisjonen, Per Larsen, var ein førsteklasses turleiar.

Betlehemsmarkene og Fødselskyrkja

Då vår gruppe var på Betlehemsmarka, samla me oss i parken utanfor kyrkja og song julesongar og las Juleevangeliet. Sjølv om mykje er annleis i Betlehem i dag enn på Jesu tid og prega av det kommersielle, vart det ei fin oppleveling å dele sanningane frå bibelsoga *der det hende*.

I Betlehem ligg Fødselskyrkja som vart bygd på 300-talet og er ei av dei eldste kyrkjene i verda som framleis er i bruk. I kyrkja er ei grotte der ei stor stjerne er mura inn i golvet. Mange kristne kyssar denne stjerna for å tilbe Jesus. Kyrkja var no under restaurering, men me fekk gå inn.

Kontrastar

I Betlehem er alt lagt til rette for at dei mange turistane som kjem frå heile ver-

da, skal få oppleve noko av den bibelske soga her. Den dagen me var der, høyrd me at det var over 40 bussar med turistar frå cruisebåtar i Haifa på veg til ulike bibelske stader, mange av dei til Betlehem!

Me fekk sjå store kontrastar i byen. Utanfor Fødselskyrkja vart eg møtt av ein godt vaksen mann som ville selje meg noko. Han såg tynn og därleg ut, var noko funksjonshemma og gjekk på meg for at eg skulle kjøpe det han selde. Eg hadde lite tid, men han var pågåande: «I need the money, (eg treng pengane) tok han opp att fleire gonger. Og eg måtte la mine 50 shekel (ca. 90 kroner) gå og sit att med tolv små kjøleskapmagnatar med namna Betlehem og Jerusalem på.

Kontrasten vart verkeleg markert då me kom til den flotte turistbutikken i byen. Her kunne ein mellom mykje anna kjøpe kostbare gullvarer og utskorne figurar i Oliventre i alle prisklassar av krybba i stallen og av Maria med barnet.



I turistbutikken var det ei mengde figurar i Oliventre å få kjøpe med Maria, Josef og Jesusbarnet som motiv.